



Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Gulen kommune

a) Eigartilhøve

Gulen kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane.

b) Opptaksmynde

Rektor på den enkelte skulen er ansvarleg for opptaket.

c) Opptakskriterium

Tilbodet gjeld for alle elevar på 1. til og med 4.trinn og for elevar med særlege behov frå 1. til og med 7. trinn.

Elevar som flyttar internt i kommunen og som har plass på SFO, skal få tilbod om plass i SFO ved den skulen dei flyttar til.

d) Opptaksperiode og oppseiing

Hovudopptak for hausten skjer om våren med søknadsfrist 1.mars. Fortløpande opptak kan skje gjennom året om bemanning og lokalitetar tillèt det.

Tildeling av plass gjeld for eitt skuleår.

Oppseiing og endring av plass må skje elektronisk. Frist for oppseiing og endring av plass er ein måned rekna frå den 1. i påfølgjande måned.

Søknad om plass sendast elektronisk til der eleven har skuleplass. Tildeling av plass, avslag på søknad om plass og oppseiing av plass er eit enkeltvedtak etter Forvaltningsloven § 2. Klage på vedtaket skal sendast til kommunen.

e) Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Gulen kommune følgjer statlege pålegg om foreldrebetaling. Betaling fakturerast 11 gongar per år. Juli er betalingsfri måned. Kommunestyret fastsett sats for matpengar og gebyr ved for sein henting.

Søskenmoderasjon gjeld berre for fast månadsbetaling. Søsken må bu saman fast og ha same bustadadresse i kommunen for å få innvilga søskenmoderasjon. Søsken vert her definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken. Søskenmoderasjon gjeld på tvers av SFO og barnehage.

Dersom ein eleven ikkje nyttar SFO-plassen sin i periodar på ein måned eller meir grunna skade/sjukdom, gis det fritak for foreldrebetaling i heile perioden eleven er fråverande.

Manglande betaling og for sein henting kan føre til tap av SFO-plass.

f) Leike- og opphaldsareal

SFO-areal ute og inne skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast. I Gulen kommune er skulefritidsordninga lokalisert til den einskilde skule. Ein legg opp til stor grad av sambruk mellom kvar skule og SFO sitt uteareal, rom/spesialrom, hjelpemiddel, materiell og utstyr.

g) Dagleg opphaldstid og årleg opningstid



Dagleg opphaldstid er kvardagar kl. 07.30 – 16.30.

SFO vil vere stengd på heilagdagane, skulen sine planleggingsdagane, jul- og nyttårsaftan.

Ferieavvikling for elevane

SFO er i hovudsak open 12 månader i året.

Elevane skal sikrast 4 veker ferie kvart skuleår. Tre av ferievekene skal vere samanhengande og takast ut mellom medio juni - medio august.

h) Personale og leing

Rektor på den einskilde skule er leiar for SFO.

Det skal som regel ikkje vera meir enn 11 barn per tilsett. Bemanninga kan styrkast ytterlegare for å ivareta elevar med særlege behov.

i) Vedtektsendringar

Endringar i vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

Endringar i Opplæringslova som fører til vedtektsendring, skal ikkje godkjennast i kommunestyret. Desse endringane kan gjerast administrativt og meldast til kommunestyret.

Vedtektene skal rullerast i kvar kommunestyreperiode.